



## Notat

Dato: 01.09.2017  
Arkivsak: 2014/10535-37  
Saksbehandlar: fromann

---

**Til:** Roald Breistein

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll - status 01.09.17

Det vert vist til partsbrev av 29.05.2017 frå Sekretariat for kontrollutvalet, ref. 2014/10535-36.

Deloitte gjennomførte hausten 2014 ein forvaltningsrevisjon av internkontroll og HMT på oppdrag frå kontrollutvalet. Rapporten frå revisjonen er handsama i Fylkestinget 10.03.15, sak 7/2015.

Kontrollutvalet behandla status for tilhøyrande handlingsplan i møte 08.05.17. Kontrollutvalet gjorde i dette møtet slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg tilbakemelding på status for tiltakspunkta 17, 25 og 36 innan 01.09.2017»

Vedlagt ligg oppdatert handlingsplan pr. 01.09.17. Dei tre tiltakspunkta som kontrollutvalet etterspør, nr 17, , 25 og 36 er markerte i planen.

Fylkesrådmannen har følgjande utfyllande kommentarar:

Pkt. 17 - E-læring om avvikshandsaming: To leksjonar (ikkje tre slik det ved en inkurie ble nemnt tidlegare) er ferdigstilte og publiserte i e-læringsportalen. Dei tre siste leksjonane er dessverre ikkje ferdig, grunna manglande kapasitet i HR-seksjonen. Ein tar sikte på ferdigstilling og utsending til alle leiarar i løpet av september/oktober 2017.

Pkt. 25: Revidert varslingsrutine er godkjend i Fylkesutvalet 23.05.17. Rutinen er publisert i Kvalitetsportalen. E-læringskurs om varsling er publisert, og det er informert om varsling på intranett. Det ser likevel ut til at svært få har gått gjennom kurset. Ein vil med det første vurdere å sende kurset direkte ut til alle tilsette via e-post, for å auke gjennomføringa.

Pkt 36: Rutine for AMU-arbeid er godkjend av HAMU 12. mai 2017 og publisert i Kvalitetsportalen. Ytterlegare informasjon er gitt i Leiarnytt mai 2017.

Vedlegg: Handlingsplan forvaltningsrevisjon HMS og internkontroll